Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Møre - Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vanylven.

Emne: Ting til lægdom og vern mot s.

Bygdelag: Syltefjorden

Oppskr. av: Hans Vidnes.

Gard: Vidnes

(adresse): Fiskåbygd

G.nr. 24 Br.nr. 6.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både og.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ikkje her, men ein gramme seier han såg det brukt i Lofoten.
2. Det var ~~k~~ ringar laga av kopartråd. Brukt mot „sjö-kveis", ei plage med hyppige små-svollar rundt vesal-leden. Truleg smitte frå ermlingar. Koparoksyden verkar truleg desinfekserande, for når ein brukte ringar, slapp ein plaga. Glatt tråd med 2-3 mm diameter, greier det.
3. Ein mann fortel at kvak-salvarar for over bygdene og selde slike lækjegreier, ringar, o. s. b.
4. Alle eldre folk kjenner til avertissement om „elektriske-ringar", vanleg i avisene før.
14. Ja, öyreringar har også vori bruka av menn her for ca 35 år sidan, no kjenner eg ingen mann med öyrering. Derimot held det på å bli mode mellom kvinner med dubbar og anna utstyr i öyro.

9858

15. Dei var ca 2 ~~cm~~ mm i diam. blanke som messing og tilspissa endar. Mellom desse to spissane var öyreflipen inndregen så ringane sat.
(Splintekjerringar som har reki heromkring, har alltid hatt mykje slag dingel-dangel i öyro, ringar, skiver, dobbar o. l. gull skinande, til pynt.)
16. Dei to karane hadde ringar i båe öyro. Dei var fiskarar.
17. Har höyrt det skulle tene til „å drage ut veske" frå öyreflipen, eller kurere ~~såre~~ for sårheit og hevelser.
20. Her er ei tru om at det hjelper ~~imot~~ gikt å bere hestekastanjenøter i lomma. Ein gut her for bort til grannen og skulle selje nøter til det bruket.
21 - 22. Slikt ✗ bruk kallast „kukleråder" her. Det var i bruk ei masse kuklerader før, helst i samband med „påtr," („påtring": ein „las̄ nedi" böner og formlar) det er ein slags „mildare" form for trolldom. Kvaksalvar, også på kröter, heiter „kukledokter" her. (Ordtam: Kva du kuklar med? Her brukt noko i tydinga „putlar"), substantiv „kukl" inkjekjönn.

9858

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING